

**Sak 7 GJENNOMGONG OG DRØFTINGAR AV 1.UTKAST TIL PLANPROGRAM**  
Tema; Nasjonale rammer og mål sett til arealpolitikken, bygdeutvikling  
og næringsmessig bruk av heieområda.

**FORSLAG TIL VEDTAK**

Styringsgruppa tek dette til orientering.

**VEDTAK**

Styringsgruppa tek dette til orientering.

**SAKSUTGREIING**

Sjå sidene 12–14 i 1. utkast til planprogram

Planprogrammet skal skildre dei nasjonale rammene og måla sett til planarbeidet. Sidan føremålet med planarbeidet er å avklare bruk, vern og verdiskaping i høve til leveområde for villreinen, er det viktig at planprogrammet og har med dei næringsmessig måla og strategiane sett til arealpolitikken.

**Sak 8 GJENNOMGONG OG DRØFTINGAR AV 1.UTKAST TIL PLANPROGRAM**  
Tema; Mål, verdigrunnlag, tema, kunnskapsgrunnlag og metode for kunnskapsinnhenting.

#### **FORSLAG TIL VEDTAK**

Styringsgruppa seier seg samd i forslag til mål, verdigrunnlag, tematisk avgrensing, kunnskapsgrunnlag og metodar for kunnskapsinnhenting.

#### **HANDSAMING**

Saka vart drøfta.

#### **VEDTAK**

Styringsgruppa seier seg samd i forslag til mål, verdigrunnlag, tematisk avgrensing, kunnskapsgrunnlag og metodar for kunnskapsinnhenting.

#### **SAKSUTGREIING**

Sjå sidene 18- 19 i 1 utkast til planprogram

Hovudføremålet med fylkesplanen er gitt i bestillinga frå MD. Bestillinga frå MD er ei direkte oppfølging av det nasjonale målet sett i stortingsmeldingar om å sikre varige leveområde til villreinen gjennom ein regional planprosess for å kome fram til ei bruk, vern og verdiskaping som sikrar leveområde og som samstundes avklarar mulighetane og rammene for lokal verdiskaping og næringsutvikling i områda kring heiane. Det er ein viktig intensjonen med planarbeidet å få fram og avklare mulighetane for verdiskaping og utvikling. Jf forslag til verdigrunnlaget i utforminga av arealpolitikken.

Den administrative arbeidsgruppa føreslår at ein konsentrerer planarbeidet om tema; villrein, landbruk, reiseliv og friluftsliv. Avgrensinga er basert på innspel på oppstartsmøtet på Revsnes og kva som vert oppfatta som prioriterte muligheter, utfordringar og satsingsområde for bygde- og næringsutvikling i kommunale planar og i kommunane ikring heiane. Friluftsliv er vald som tema fordi heiane allereie er eit viktig nasjonalt og regional friluftsområde. I tillegg vil tilrettelegging for friluftsliv vere med å byggje opp under ei positiv regional og lokal samfunnsutvikling (folkehelse, trivsel, velferd) og reisemålsutvikling.

Det skal fastsetjast grenser for kva som område og areal som skal definerast som nasjonalt villreinområde. Fastsetjinga skal gjerast i to fasar. Fryst skal det fastsetjast kva som er det biologiske leveområdet til villreinen. Til grunn for denne fastsettinga skal det liggja føre eit "samanstilt" naturfagleg kunnskapsgrunnlag om villreinen sin arealbruk i heieområda. Jmfør og presentasjonen av villreinsenteret på Skinnarbu. Det biologiske leveområdet er basert på naturfagleg kunnskap og ikkje på politikk. Vektingane og politikken kjem i neste fase. Det skal då gjerast vektingar mot landbruk, reiseliv og friluftsliv for å kome fram til grenser for det nasjonale villreinområdet samstundes som ein kjem opp med langsiktige og heilskaplege arealbruksstrategiar som byggjer opp under ei positiv lokal og regional utvikling.

Energi og kraftproduksjon er og eit viktig tema når det gjeld arealpolitikken i heiane og områda ikring heiane. Den administrative gruppa føreslår at ein ikkje har dette som tema i dette planarbeidet, jf at det er laga ein eigen energiplan for Agder og det er ei politisk

målsetting jf Soria Moria erklæringa at det skal lagast egne fylkesdelplanar for småkraftproduksjon. Den administrative gruppa føreslår difor for å ikkje gjera planarbeidet meir omfattande enn naudsynt, at ein ikkje vel energi og kraftproduksjon som tema i dette planarbeidet. Det er likevel viktig at energiprodusentane som brukar- og interessegruppe er med i rådgjevargruppa/referansegruppa til planarbeidet.

Det er sett opp under kvart tema kva som leggjast til grunn av kunnskap for å vekte og kome fram til regionale arealbruksstrategiar som byggjer opp under målet om bruk, vern og verdiskaping. Det er sett om metodar for å skaffe kunnskapsgrunnlaget.

**Sak 9 GJENNOMGONG OG DRØFTINGAR AV 1. UTKAST TIL PLANPROGRAM**  
Tema; Organisering og medverknad

**FORSLAG TIL VEDTAK**

Styringsgruppa er samd i forslag til organisering og medverknad.

**HANDSAMING**

Ein drøfta villreinnemnda si rolle og plass i "organisasjonskartet" for sjølve planarbeidet. Det vart presisert at denne politisk styringsgruppa er nedsett for å lage planprogram og at ein vil vurdere den endelege organiseringa av planarbeidet.

**VEDTAK**

Styringsgruppa er samd i forslag til organisering og medverknad.

**SAKSUTGREIING**

Sjå sidene 19-21 i 1 utkast til planprogram.

På side 20 er det sett eit forslag til organisasjonskart over planarbeidet.

Den administrative arbeidsgruppe føreslår at ein organiserer planarbeidet som eit prosjekt kor fylkeskommunane er prosjekteigarar. Det må tilsetjast/opprettast eigen prosjektleiar i 100% stilling for planarbeidet, jf neste sak.

Det er sett som eit vilkår at det skal vere eit stort og breitt fokus på prosess, involvering og lokal deltaking i planarbeidet. Det er politisk vedtatt at planarbeidet skal leiast av ei politisk samansett styringsgruppe. Det bør opprettast eit arbeidsutval sett saman av fylkesordførarane/fylkesvaraordførar for å dempe utfordringane kring administrasjon og dialog mellom den politiske styringa og sjølve planarbeidet, jf og sak 2.

Rådgjevargruppa/referansegruppa bør vere så breitt sett saman som mogleg for å spegle alle brukar og sektorinteresser i heiane. Styringsgruppa må vurdere om det er sektor- og brukarinteresser som ikkje er representert i forslaget til rådgjevar/referansegruppe.

Det bør opprettast ei planfagleg nettverksgruppe sett saman av kommunale og regionale planleggjarar. Dette for å mellom anna trygge ei brei planfagleg lokal og regional involvering og deltaking i planarbeidet. Prosjektleiar får i samråd med den planfaglege nettverksgruppa mandat til å opprette fagtemagrupper om ein meiner det er trong for det.

**Sak 10 GJENNOMGONG OG DRØFTINGAR AV 1.UTKAST TIL PLANPROGRAM**  
Tema; Økonomi og finansieringsplan

**FORSLAG TIL VEDTAK**

Styringsgruppa seier seg samd i forslag til finansieringsplan og kostnadsdelinga mellom fylka. Styringsgruppa seier seg samd i at det bør opp ei sak snarast i alle fylkesutvala for å fastsette finansieringsplan og økonomi for gjennomføring av planarbeidet.

**HANDSAMING**

Ein drøfta staten si økonomiske rolle i slike prosessar.

**VEDTAK**

Styringsgruppa seier seg samd i forslag til finansieringsplan og kostnadsdelinga mellom fylka. Styringsgruppa seier seg samd i at det bør opp ei sak snarast i alle fylkesutvala for å fastsette finansieringsplan og økonomi for gjennomføring av planarbeidet.

**SAKSUTGREIING**

Sjå side 21 i 1. utkast til planprogram

Det er sett opp eit forslag til budsjett basert på tilsetjing av prosjektleiar og ein prosjektperiode/planperiode på tre år. Storleiken på planområdet og mange deltakarar gjer at den administrative arbeidsgruppa meiner at ein prosjektperiode på to år verkar å vera i minste laget. I tillegg er det sett opp økonomiske rammor til fagsamlingar, kjøp av konsulenttenester/utgreiingar/analyser, kartproduksjon og trykking av rapportar/plan.

Dette er eit nasjonalt initiert planarbeid som alle fylkeskommunane har sagt ja til. MD har løyva 250.000 i 2007, kor 80.000 av desse er øyremarka til villreinfaglege utgreiingar. Desse 80.000 brukar me til å gjera ferdseleksundersøkingar frå kommersielle reiselivsbedrifter, i samarbeid med fylkesdelplanarbeida for Hardangervidda og Rondane. Resten kr 170.000 er til løyva til sjølve planarbeidet. Desse er overført til Aust-Agder fylkeskommune.

MD gir eit tilskott på kr 300.000 til planarbeidet i 2008, jf epost frå MD 19 august 2008. MD kan ikkje seie noko om kor store tilskota vil verta dei komande åra. Når det gjeld midlar til villreinfaglege utgreiingar i 2008 og frametter, er det DN som disponerar desse midlane. Det er ikkje bestemt noko fast sum pr år men midlar kan delast ut etter søknad og konkrete vurderingar av DN.

Sidan dette er eit nasjonalt initiert planarbeid for å oppfylle nasjonale arealpolitiske mål, verkar løyvinga frå MD heller smålåten. MD har eit lite budsjett samanlikna med td KRD som har ansvaret for distrikts- og regionalpolitikken og lokal- og regional utvikling. KRD overfører tilskotsmidlar til regional utvikling til fylkeskommunane. I høve nye politiske signal, jf forvaltningsreforma og ny plan- og bygningslov, så skal regional planlegging i aukande grad verta sett på som eit verktøy for regional utvikling og til å styrke rolla til fylkeskommunane som regional utviklingsaktør.

**Sak 12. Eventuekt**

Ordfører Oddmund Ljosland, Åseral kommune stilte spørsmål om kvifor dagleg leiar av forvaltningssekretariatet til SVR landskapsvernområde, ikkje vert invitert til dei nasjonale fagnettverksamlingane som MD arrangerer for fylkeskommunane i samband med utarbeiding av fylkesdeplanar for villreinområda. Den administrative plangruppa tek opp spørsmålet med MD.

Ein av hovudintensjonane med planarbeidet er regional planlegging og avklaring av arealbruksstrategiar for å trygge regional og lokal utvikling. Sidan fylkeskommunane har eit ansvar både som regional utviklingsaktør og som regional planstyresmakt, vil det vere naturleg at fylkeskommunane dekkjer hovudtyngda av finansieringa av planarbeidet, td frå dei regionale utviklingsmidlane frå KRD. Ein føreset at kommunane, fylkesmennene, fylkeskommunane og andre deltakarar dekkjer kostnadene sine med å ta del i planarbeidet.

Den administrative plangruppa føreslår at fylkeskommunane deler kostnadene med ein 20/20/30/30 fordeling; Rogaland og Vest Agder fylkeskommunar dekkjer kvar 20% av budsjettet medan Telemark og Aust-Agder fylkeskommunar dekkjer kvar 30% av budsjettet. Den administrative arbeidsgruppa føreslår at Hordaland fylkeskommune ikkje skal vere med å dekkje noko av dette planarbeidet. Bakgrunnen er at Hordaland fylkeskommune er sterkt involvert i fylkesdelplanarbeidet for Hardangervidda, og har berre ein liten del av planområdet til heiane, delar av Odda kommune.

Det kan drøftast kva som skal vere grunnlaget for å kome fram til ei kostnadsdeling mellom fylka. Fylkesdelplanen dekkjer både vestheia og austheia slik at alle fylkeskommunane er involvert. Med bakgrunn i ulik planstatus og kunnskapsgrunnlag, i heimråda jf tidlegare føreslår den administrative arbeidsgruppa ein 20/20/30/30 fordeling kor Rogaland og vest-Agder dekkjer 20% kvar og Aust-Agder og Telemark dekkjer 30% kvar. Det er sett opp ein arealoversikt på side 5 i 1.utkast til planprogram. Førebels er det ikkje muligheter for å kome fram til nøyaktig mengde areal sidan planavgrensinga ikkje er fastsett enno.

## Sak 11 PROSJEKTLEIAR

### FORSLAG TIL VEDTAK

Styringsgruppa seier seg samd i at det må lysast ut ei stilling som prosjektleiar for fylkesdelplanarbeidet. Den administrative arbeidsgruppa lagar forslag til ein omtale av stillinga og kunngjering som skal godkjennast av AU. AU får fullmakt til å gjera ei endeleg tilsetjing i samråd med administrasjonen i fylkeskommunane.

Styringsgruppa seier seg samd i at prosjektleiaren/sekretariatet skal ha kontorstad i ein av fylkeskommunane. Kvar vert avgjort i samband med søkjarar og tilsetjing.

### VEDTAK

Styringsgruppa seier seg samd i at det må lysast ut ei stilling som prosjektleiar for fylkesdelplanarbeidet. Den administrative arbeidsgruppa lagar forslag til ein omtale av stillinga og kunngjering som skal godkjennast av AU. AU får fullmakt til å gjera ei endeleg tilsetjing i samråd med administrasjonen i fylkeskommunane.

Styringsgruppa seier seg samd i at prosjektleiaren/sekretariatet skal ha kontorstad i ein av fylkeskommunane. Kvar vert avgjort i samband med søkjarar og tilsetjing.

### SAKSUTGREIING

Alle fylkesutvala har sagt ja til å gjennomføre ein regional planprosess som skal ende opp i ein fylkesdelplan for bruk og vern av Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei. Ingen av fylkeskommunane har kapasitet innanføre dei faste stillingane innan planlegging til å ta på seg sekretariatet. Den administrative arbeidsgruppa føreslår at det vert oppretta ein eigen prosjektleiarstilling for fylkesdelplanarbeidet. Stillinga og sekretariatet bør lokalisrast til ein av fylkeskommunane kor endeleg lokalisering vert avgjort i høve til søkjarar til ei slik stilling, jf korleis dei har gjort det i samband med fylkesdelplanarbeidet for Hardangervidda.